

NORGE 1984: Nei til jobb for gifte kvinner?



*Det vanka blomar ved første runde i retten.
No trengst kraftig økonomisk støtte for å gå vidare til neste runde!*

Foto: Kirsten Karlsen

**STØTT DEI OPPSAGDE
KVINNENE VED
KÅRE HILLESLAND A/S!**

Har kvinner og menn same rett til arbeid?

Fire kvinner på Vormedal utafor Haugesund fekk dette spørsmålet innpå livet i november 1983.

Dei fire har arbeidd ved isolerglassbedrifta Kåre Hillesland A/S i ni år. Hausten 1983 ville bedriftseigaren kvitta seg med nokre av dei tilsette fordi det var liten ordretilgang. I alt seks tilsette vart oppsagde. To mannfolk som hadde kortast ansiennitet på sine avdelingar godtok oppseiingane. Dei fire kvinnene hadde lengst ansiennitet på si avdeling — kvifor skulle dei gå først?

Bedriftseigaren: De er forsørga.

Likestillingsombodet: Det er ulovleg og usakleg å seia opp folk «fordi dei er forsørga».

Advokaten: Oppseiingane må trekkjast attende.

Bedriftseigaren: Nei!

Advokaten: Da går saka til arbeidsretten, og kvinnene skal stå i jobb til saka kjem opp.

Bedriftseigaren: Nei! De er permitterte!

Retten: Slik permittering er ulovleg.

Saka var oppe for Arbeidsretten i Haugesund 4. og 5. september 1984.

Kravet var:

Oppseiingane må kjennast ugyldige. Erstatning for tapt arbeidsforteneste under permitteringa før rettssaka. Erstatning for tort og svie.

Dommen fallt 19. oktober.

Fleirtalet av rettsmedlemmene — to menn — sa nei til kvinnenes krav, og dømde dei samtidig til å betale 15 500 kr i saksomkostningar.

Mindretalet — ei kvinne — var usamd på alle punkt.

Nei til den kvinnefiendtlige dommen i Arbeidsretten i Haugesund!

Vi protesterer mot denne dommen ut frå dei følgjer den kan få for kvinner i tida framover. Det siste tiåret har stadig fleire kvinner blitt yrkesaktive. Ein slik dom betyr eit kraftig åtak på kvinners rettar i arbeidslivet.

Fleirtalet i retten argumenterer med at det er viktig at arbeidsgivaren må kunna «ta sosiale omsyn» ved oppseiingar. Det vil bety at arbeidsgivaren skal stå fritt til å seia opp kven han vil, utan omsyn til ansiennitet. Ville eit slikt argument bli brukt mot menn, slik det no blir brukt mot kvinner? — Nei. Ansiennitetsprinsippet er det einaste nøytrale prinsippet å gå etter når oppseiingar ikkje kan unngåast.

Dersom denne dommen blir ståande, betyr det ei godkjenning av prinsippet om at gifte kvinner ikkje har rett til arbeid — og slett ikkje i krisetider — som i 30-åra, så også i 80-åra. Dette vil stadfeste kvinnes stilling som B-lag i arbeidslivet, og dermed ramme alle kvinner.

Norsk lov stiller kvinner og menn likt på arbeidsmarknaden. Vi meiner at denne dommen er lovstridig.



**FULL STØTTE TIL DEI OPPSAGDE KVINNENE VED KÅRE HILLELAND A/S!
FORSVAR KVINNERS RETT TIL ARBEID!
FULLE RETTAR I ARBEIDSLIVET FOR DELTIDSTILSETTE!**

Følgjande personar har til no støtta dette oppropet:

Odd Bach, Anna-Louise Beer, Birgit Bjerck, Anne-Lise Bergenheim, Randi Bratteli, Anja Breien, Anne-Karin Bråten, Ada Castracane, Lone Lønne Christiansen, Kjersti Ericsson, Randi Evensmo, Mona Evjen, Liv Finstad, Kaci Kullmann Five, Magnhild Folkvord, Karen-Christine Friele, Margit Glomm, Jorun Gulbrandsen, Magnhild Gaasemyr, Veslemøy Haslund, Bente Hemstad, Sigrun Hoel, Annelise Høegh, Cecilie Høigaard, Håkon Høst, Ellen Jakobsen, Gerd Korbøl, Arne Kvalheim, Hanna Kvanmo, Anne Enger Lahnstein, Idalou Larsen, Arne Lauritzen, Wenche Lowzow, Elin Lund, Elsa Lystad, Wenche Margrethe Myhre, Ellen Møller, Liv Nilsson, Kari Næs, Tove Nødland, Kirsti Nøst, Kari Rolstad, Unni Rustad, Sissel Rønbeck, Grethe Rønneberg, Brit Schulz, Pål Steigan, Olaug Storløkken, Kitty Strand, Aud Blegen Svindland, Alf Tande-Petersen, Anne Thidemann, Ebba Wergeland, Brita Westergaard, Rita Westvik, Ellen Aanesen.

Send pengar!

Økonomisk støtte er avgjerande for at for at saka kan førast vidare.

Ta opp saka i kvinneorganisasjonar, fagforeiningar og andre organisasjonar!

Adresse til dei oppsagde kvinnene:

Gjertrud Johnsen

5510 VORMEDAL

Bankgirokonto 3330.21.89779

**FULL STØTTE TIL DEI OPPSAGDE KVINNENE
VED KÅRE HILLESLAND A/S!
FORSVAR KVINNERS RETT TIL ARBEID!
FULLE RETTAR FOR DELTIDSTILSETTE!**

Demonstrer mot denne kvinnefiendtelege arbeidsrettsdommen!

Lokale demonstrasjonar i dei større byane
1. november.

Meir om tid og stad, sjå avisene!

Utgitt av STØTTEKOMITEEN FOR DEI OPPSAGDE KVINNENE
VED KÅRE HILLESLAND A/S,
Boks 53 Bryn, 0611 Oslo 6.